



# HAREID KOMMUNE

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Melshorn hotell  
**Dato:** 23.05.2019  
**Tid:** Kl. 17:00-1755

---

### Medlemmar som møtte

Kristian Fuglseth  
Ranja Dimmen Alme  
Jeanette Teigene  
Anders Riise (p)  
Annika Brandal

### Representerer

FOHA  
FOHA  
FRP  
H  
V

### Funksjon

varaordfører  
medlem  
medlem  
ordfører  
medlem

### Forfall

Stian Runne Brandal  
Oskar Grimstad

### Representerer

AP  
FRP

### Varamedlem

Ragnhild Nedrelid  
Ottar Røyset

### Representerer

AP  
H

**Underskrifter:**

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
63/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/1026
64/19	Godkjenning av protokoll	19/1026
65/19	Referatsaker	19/1026
66/19	Nybygg- Garasje - Torsenvegen 11 - Gnr 76 bnr 5	19/794
67/19	Helseplattforma. Prosjektorganisasjon	19/936
68/19	BYGGELØYVE GBNR 41/167 KJØPMANNSGATA 20 SØKNAD OM RAMMELØYVE HELSEHUS	19/807
69/19	Avhending av Brandal fiskerihamn	19/878

Hareid, 28.05.2019

Anders Riise

## **63/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak:**

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad med tillegg om å ta inn sak om Avhending av Brandal fiskerihamn (PS 69/19).

### **Behandling:**

Rådmannen orienterte om at økonomileiar har sagt opp på grunn av ny jobb. Sak om Avhending av Brandal fiskerihamn blei lagt på bordet frå administrasjonen. Det blei vedtatt å handsame saka.

## **64/19 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak:**

Vart godkjende utan merknad.

### **Behandling:**

## **65/19 Referatsaker**

### **Vedtak:**

Referatsaker vart tekne til vitende.

### **Behandling:**

## 66/19 Nybygg- Garasje - Torsenvegen 11 - Gnr 76 bnr 5

### Vedtak:

*Hareid Formannskap gir dispensasjon for oppføring av garasje som omsøkt jf Plan- og bygningslova § 19-2. Grunngevinga er at tiltaket ikkje set til side omsyna bak kravet om detaljregulering i kommuneplanen i vesentleg grad, då ei garasje/reiskapsbygg vert rekna som ei oppattføring av liknande bygg; løe/reiskapshus som stod på tomta før det brann ned. Fordelane ved å gje dispensasjon er større etter ei samla vurdering.*

*Tiltaket er innanfor omsynsone for potensiell skredfare slik det er skildra i den overordna vurderinga etter NVE sine nye varsemdssoner i 2014. Dispensasjonane vert difor gjeven på det vilkår at det vert gjennomført geologiske undersøkingar i området før arbeidet vert sett i verk.*

*Hareid formannskap vurderer også dei estetisk tilhøva i område som viktige. Tiltaket grensar til eit område med skule og allmenn ferdsel, og ei attrisering av bygninga på tomta vil betre det estetiske og ytre miljøet på staden.*

### Behandling:

Nytt framlegg til vedtak frå Kristian Fuglseth, foreslått av **Kristian Fuglseth**, Folkelista for Hareid kommune:

Hareid Formannskap gir dispensasjon for oppføring av garasje som omsøkt jf Plan- og bygningslova § 19-2. Grunngevinga er at tiltaket ikkje set til side omsyna bak kravet om detaljregulering i kommuneplanen i vesentleg grad, då ei garasje/reiskapsbygg vert rekna som ei oppattføring av liknande bygg; løe/reiskapshus som stod på tomta før det brann ned.

Tiltaket er innanfor omsynsone for potensiell skredfare slik det er skildra i den overordna vurderinga etter NVE sine nye varsemdssoner i 2014. I kommunen sin arealdel 2012, ligg området ikkje innanfor denne varsemdssona – og etter kommunen si vurdering i høve ny kommuneplan 2019 er det ikkje aktuelt med ei varsemdssone her.

Hareid formannskap vurderer også dei estetisk tilhøva i område som viktige. Tiltaket grensar til eit område med skule og allmenn ferdsel, og ei attrisering av bygninga på tomta vil betre det estetiske og ytre miljøet på staden.

Endring av framlegget frå **Kristian Fuglseth**, foreslått av Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune

*Hareid Formannskap gir dispensasjon for oppføring av garasje som omsøkt jf Plan- og bygningslova § 19-2. Grunngevinga er at tiltaket ikkje set til side omsyna bak kravet om detaljregulering i kommuneplanen i vesentleg grad, då ei garasje/reiskapsbygg vert rekna som ei oppattføring av liknande bygg; løe/reiskapshus som stod på tomta før det brann ned. Fordelane ved å gje dispensasjon er større etter ei samla vurdering.*

*Tiltaket er innanfor omsynsone for potensiell skredfare slik det er skildra i den overordna vurderinga etter NVE sine nye varsemdssonar i 2014. Dispensasjonane vert difor gjeven på det vilkår at det vert gjennomført geologiske undersøkingar i området før arbeidet vert sett i verk.*

*Hareid formannskap vurderer også dei estetisk tilhøva i område som viktige. Tiltaket grensar til eit område med skule og allmenn ferdsel, og ei attreising av bygninga på tomta vil betre det estetiske og ytre miljøet på staden.*

Det endra framlegget frå Fuglseth blei samrøytes vedteke.

### **Rådmannen si tilråding:**

Hareid Formannskap gir ikkje dispensasjon for oppføring av garasje som omsøkt jf Plan- og bygningslova § 19-2. Dette sidan tiltaket tilsidesett omsyna bak kravet om detaljregulering i kommuneplanen. Tiltaket er og innanfor omsynsone for potensiell skredfare.

Grunngjeving for avslaget er at dersom ein tillèt fleire tiltak i områder utan at detaljregulering er på plass, syt ein for at ein forringar moglegheita for å best legge til rette for god strukturert oppbygging av det avsette arealet. Spesielt med tanke på oppdeling av bustadtomter, infrastruktur, og leik- og grøntareal. Omsøkt tiltak er og innanfor NVE si omsynsone for skred.

### **Vedtak:**

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta større medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

### **Behandling:**

Ordførar Anders Riise føreslo å legge inn "større medansvar" i andre punkt, Rådmannen si tilråding med endring frå ordførar Anders Riise blei samrøystes vedteke.

#### **1. Rådmannen si tilråding:**

- Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

**68/19 BYGGELØYVE GBNR 41/167 KJØPMANNSGATA 20 SØKNAD OM RAMMELØYVE  
HELSEHUS**

**Vedtak:**

Hareid Formannskap gjev dispensasjon for oppføring av Helsehus som omsøkt jf PBL §§19,1 –19.2.

Grunngjevinga for dette er at tiltaket ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak reguleringsplan 20060003:HAREID SENTRUM.

**Behandling:**

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke.

**Rådmannen si tilråding:**

Hareid Formannskap gjev dispensasjon for oppføring av Helsehus som omsøkt jf PBL §§19,1 –19.2.

Grunngjevinga for dette er at tiltaket ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak reguleringsplan 20060003:HAREID SENTRUM.



## 69/19 Avhending av Brandal fiskerihamn

### **Vedtak:**

Hareid kommune nyttar forkjopsretten i samband med Kystverket sitt sal av Brandal fiskerihamn.

Kommunestyret ber Rådmannen om å forhandla fram ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna. Ein legg til grunn at drifta av hamna skal vere sjølvfinansierande. Rådmannen vert gjeve mynde til å signere ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna.

Kjøpesummen på kr 200 000 skal finansierast med låneopptak og takast med i første mulege budsjettrevisjon.

### **Behandling:**

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke.

### **Rådmannen si tilråding:**

Hareid kommune nyttar forkjopsretten i samband med Kystverket sitt sal av Brandal fiskerihamn.

Kommunestyret ber Rådmannen om å forhandla fram ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna. Ein legg til grunn at drifta av hamna skal vere sjølvfinansierande. Rådmannen vert gjeve mynde til å signere ein avtale med Brandal båtlag om leige og bruk av hamna.

Kjøpesummen på kr 200 000 skal finansierast med låneopptak og takast med i første mulege budsjettrevisjon.